

Forslag om endring i tivoliforskrifta

1 Innleiing

Statens jernbanetilsyn sender med dette på høyring forslag om endringar i forskrift 21. desember 2022 nr. 2431 om fornøyelsesinnretningar (tivoliforskriften). Forslaget medfører endringar i varslings- og rapporteringsplikta for å leggje til rette for Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit på tivoliområdet.

Vi gjer merksam på at Statens jernbanetilsyn arbeider med fleire forskriftsendringar som vil bli sende på eiga høyring i løpet av 2024. Nokre av forskriftsendringane vi vurderer er:

- Språklege endringar av føresegnene om akseptabelt sikkerheitsnivå og krav til sikkerheitsstyringssystemet. Dette er i samband med eit pågåande prosjekt om å forenkle teksten i forskrifta og gjere den meir tilgjengeleg for lesaren.
- Stille krav om at verksemdene har nødvendig førstehjelpsutstyr.

Høyringsfristen er 11. desember 2023. Vi gjer merksam på at høyringsfristen er kortare enn minimumskravet til utgreiingsinstruksen på seks veker. Høyringsfristen blir sett kortare for å sikre at tivoliforskrifta er endra og i tråd med tivolilova etter lovendingane frå 1. januar 2024.

2 Bakgrunn

I juni 2023 blei det vedteke ei endring til tivolilova og taubanelova¹ som medfører at Statens havarikommisjon skal vere undersøkingsmyndigheit for ulykker og alvorlege hendingar på tivoli- og taubaneområdet. Endringane i tivolilova og taubanelova trer i kraft 1. januar 2024.

Hovudomsynet bak endringa er å auke det overordna sikkerheitsnivået for fornøyelseinnretningar og taubanar gjennom undersøkingar av ulykker og alvorlege hendingar. Ved å finne fram til dei underliggjande årsakene bak ei ulykke eller alvorleg hending vil ein betre kunne førebyggje at liknande hendingar skjer igjen. Statens havarikommisjon er frå før undersøkingsmyndigheit for ulykker og hendingar innan luftfart, jernbane, vegtrafikk, sjøfart og forsvaret.

Bakgrunnen for lovendinga er beskriven i Samferdselsdepartementets tilråding «Prop. 74 L (2022-2023) Endringar i taubanelova og tivolilova (undersøking av ulykker og hendingar).» Dokumentet er tilgjengeleg på regjeringa sine nettsider.² Det er også mogleg å lese høyringsbrevet om forslaget som blei sendt frå Samferdselsdepartementet i desember 2021. Høyringsbrevet er tilgjengeleg på departementet sine nettsider.³

3 Gjeldande rett

I tivoliforskrifta har verksemda ei plikt til å varsle politiet om ei ulykke med ikkje ubetydeleg personskade. Verksemda har vidare ei plikt til å varsle Statens jernbanetilsyn ved ulykker og alvorlege hendingar. Verksemda har også ei plikt til å rapportere til Statens jernbanetilsyn om ulykker, alvorlege hendingar og hendingar.

¹ Endringslova er tilgjengeleg på lovdata og kan leses her: <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2023-06-20-82>

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-74-l-20222023/id2969477/>

³ <https://www.regjeringen.no/id2891999>

Omgrepa ulykke, alvorleg hending og hending er definert i tivoliforskrifta § 1-3 bokstav c, d og e:

«c. ulykke: uønsket eller plutselig hendelse eller en bestemt rekke slike hendelser på fornøyelsesinnretning som fører til død eller alvorlig personskade, betydelige materielle skader på eiendom eller på miljø, og andre lignende ulykker

d. alvorlig hendelse: uønsket hendelse på fornøyelsesinnretning som under andre omstendigheter kunne ha ført til en ulykke

e. hendelse: enhver annen uønsket hendelse enn en ulykke på fornøyelsesinnretninger, som har sammenheng med driften, og som innvirker på driftssikkerheten»

3.1 Varslingsplikta

Varslingsplikta om ulykker og alvorlege hendingar er regulert i § 2-6:

«§ 2-6. Varslingsplikt om ulykker og alvorlige hendelser

Hvis det skjer en ulykke med ikke ubetydelig personskade, skal virksomheten straks varsle politiet. Politiet skal varsles muntlig.

Hvis det skjer en ulykke eller alvorlig hendelse, skal virksomheten også varsle tilsynsmyndigheten»

Føresegna er ei utfyllande føresegn til tivililova § 9. Føresegna pålegg verksemda ei plikt til å straks varsle politiet dersom det skjer ei ulykke med ikkje ubetydeleg personskade. Varsling til politiet skal skje munnleg. Føresegna pålegg vidare verksemda ei plikt til å varsle Statens jernbanetilsyn viss det skjer ei ulykke eller alvorleg hending. Varsling til Statens jernbanetilsyn kan vere munnleg og skriftleg.

3.1.1 Bakgrunn for varslingsplikta

Varslingsplikta til politiet er grunnlagt med at det er politiet som har ansvaret for koordinering av redningsarbeid, utøving av skadestadsleing, eventuell avgjerd om etterforskning m.m. Varslingsplikta til Statens jernbanetilsyn er grunnlagt med at Statens jernbanetilsyn som tilsynsmyndigheit skal vere orientert og raskt få vite om ulykker og alvorlege hendingar på området.

3.2. Rapporteringsplikta

Rapporteringsplikta om ulykker, alvorlege hendingar og hendingar er regulert i tivoliforskrifta § 2-7:

«§ 2-7. Rapporteringsplikt om ulykker, alvorlige hendelser og hendelser

Virksomheten skal rapportere skriftlig til Statens jernbanetilsyn om ulykker og alvorlige hendelser. Rapporten skal sendes til Statens jernbanetilsyn så snart som mulig og senest innen 72 timer. Hendelser skal rapporteres til Statens jernbanetilsyn innen 8 dager.

Rapporteringen skal skje på et skjema fastsatt av Statens jernbanetilsyn.»

Føresegna er ei utfyllande føresegn til tivililova § 10. Føresegna pålegg verksemda ei plikt til å rapportere skriftleg til Statens jernbanetilsyn om ulykker og alvorlege hendingar så snart som mogleg, og seinast innan 72 timar etter at ulykka eller den alvorlege hendinga fann stad. Hendingar skal rapporterast til Statens jernbanetilsyn innan 8 dagar. Rapportering av ulykker, alvorlege hendingar og hendingar skal gjerast på Statens jernbanetilsyn sitt skjema for rapportering på Statens jernbanetilsyn sine nettsider.⁴

⁴ Skjemaet er tilgjengeleg her:

https://skjema.sjt.no/skjema/SJT182/skjema/SJT182/Rapportere_unksket_hendelse_fornyelsesinnretning

3.2.1 Bakgrunn for rapporteringsplikta

Rapporteringsplikta er den etterfølgjande rapporteringa til Statens jernbanetilsyn om ulykker, alvorlege hendingar og hendingar. Bakgrunnen for denne plikta er todelt. På den eine sida er ho grunnlagt i at Statens jernbanetilsyn som tilsynsmyndigheit skal ha ei heilskapleg oversikt over farlege forhold for dei som driv fornøyelseinnretningar og dermed kunne bruke dette i sitt arbeid mot desse og mot allmenta, og for å kunne setje i verk tiltak i tilsynsverksemda si. På den andre sida, og like viktig, er rapporteringa for verksemdene sjølv som grunnlag for intern oppfølging og sikkerheitsstyring.

4 Forslag til forskriftsendringar

4.1. Varslingsplikta

Etter lovendringa frå 1. januar 2024 vil det vere ei lovfesta plikt for verksemdene til å varsle politiet, og til å varsle Statens havarikommisjon ved ei ulykke eller alvorleg hending. I ny § 9 i tivolilova vil det stå:

«§ 9. Varslingsplikt

Virksomheten skal straks varsle politiet og undersøkelsesmyndigheten om ulykke eller alvorlig hendelse.

Undersøkelsesmyndigheten skal varsle tilsynsmyndigheten om ulykke eller alvorlig hendelse.»

4.1.1 Varslingsplikt til politiet

Varsling til politiet blir foreslått regulert slik som i gjeldande rett, der varsling skal skje ved ei ulykke med ikkje ubetydeleg personskade. Dette vil vere ei presisering av kravet i lova om at politiet skal varslast.

Etter vårt syn har det ikkje vore intensjonen å endre omfanget av varslingsplikta til politiet. Vi viser til at formålet med lovendringa er å regulere Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit. Det var derfor nødvendig å endre varslingsplikta i § 9, slik at det er Statens havarikommisjon som får varsel om ulykker og alvorlege hendingar. Dette blir også vist i forarbeida til endringslova, Prop.74 L (2022-2023) Endringar i taubanelova og tivolilova (undersøking av ulykker og hendingar), der det er omfanget av varslinga til Statens havarikommisjon som er kommentert. Vi viser til Samferdselsdepartementets vurdering på side 10, der det er Statens havarikommisjon som blir trekt fram når omfanget av varslingsplikta blir diskutert:

«Til spørsmål frå høyringsinstansane om kva som defineres som ei ulykke eller hendelse ynskjar departementet å trekke fram Statens havarikommisjon sin uttale i samband med høyringsmøte den 18. januar 2022 med Norske alpinanlegg og fjelldestinasjoner:

Taubaneloven § 3 definerer hva som er en taubaneulykke og alvorlig taubanehendelse. SHK forstår det slik at bransjen allerede i dag rapporterer og varsler SJT om taubaneulykker og alvorlig taubanehendelse jf. taubaneloven §§ 9 og 10, og det er derfor naturlig at samme praksis legges til grunn for undersøkelsesmyndigheten. Når SHK blir bedre kjent med bransjen og hvordan rapportering- og varslingsrutinene fungerer, vil det være naturlig å vurdere om det er behov for ytterligere presiseringer/retningslinjer fra SHK på området.

Departementet sluttar seg til dette.»

Det vil derfor vere i tråd med lovendringa at varsling til politiet blir gjort i same type situasjonar som etter gjeldande rett i dag, der varslinga blir avgrensa til ulykker med ikkje ubetydeleg personskade. Det er etter vårt syn ikkje hensiktsmessig å senke terskelen for varsling til politiet til alle ulykker eller alvorlege hendingar. Alvorlege hendingar kan til dømes vere at ein passasjer fell ut av ei innretning

utan å skade seg, avsporing av ei skjengåande innretning utan at nokon skadar seg eller at ein sikkerheitsbøyel ikkje fungerer som han skal og passasjeren kunne ha ramla ut og skadd seg.

4.1.2. Varslingsplikt til Statens havarikommisjon

Statens jernbanetilsyn foreslår å forskriftsfeste varslingsplikta til Statens havarikommisjon. Då vil det gå fram også av forskrifta at verksemda skal varsle Statens havarikommisjon ved ei ulykke og alvorleg hending.

Verksemdene treng ikkje lenger å varsle Statens jernbanetilsyn, dette vil Statens havarikommisjon gjere. Bakgrunnen for endringa er at Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit vil ha oppgåver straks etter ei ulykke eller alvorleg hending. Statens jernbanetilsyn vil ikkje ha oppgåver i den akutte fasen, og det er derfor ikkje nødvendig med varsling til Statens jernbanetilsyn frå verksemda i den akutte fasen.

Varsling skal gjerast munnleg, det vil seie per telefon. Det blir derfor foreslått å forskriftsfeste at varslinga skal gjerast munnleg.

4.2. Rapporteringsplikta

Etter lovendringa vil det vere ei lovfesta plikt til å rapportere opplysningar om ulykker og alvorlege hendingar til Statens havarikommisjon og Statens jernbanetilsyn. Hendingar skal rapporterast til Statens jernbanetilsyn. I ny § 10 i tivolilova vil det stå:

«§ 10. Rapporteringsplikt

Virksomheten skal rapportere opplysninger om ulykker, alvorlige hendelser og hendelser til tilsynsmyndigheten og undersøkelsesmyndigheten.

Ulykker og alvorlige hendelser skal rapporteres skriftlig til tilsynsmyndigheten og undersøkelsesmyndigheten så snart som mulig og senest innen 72 timer. Rapportering skal skje på skjema fastsatt av tilsynsmyndigheten og undersøkelsesmyndigheten i fellesskap.

Hendelser skal rapporteres til tilsynsmyndigheten innen åtte dager. Rapportering skal skje på skjema fastsatt av tilsynsmyndigheten.

Rapportering kan skje elektronisk.»

Den etterfølgjande rapporteringa av ulykker og alvorlege hendingar skal skje på eitt skjema til Statens jernbanetilsyn og Statens havarikommisjon. Føresegna lovfestar dei same tidsfristane for rapportering som følgjer av tivoliforskrifta i dag.

Fordi rapportering av ulykker og alvorlege hendingar skal gjerast på eit felles skjema til Statens jernbanetilsyn og Statens havarikommisjon blir det lagt opp til ei løysing der det, som i dag, blir rapportert til Statens jernbanetilsyn på Statens jernbanetilsyns skjema. Statens jernbanetilsyn vil vidareformidle rapportane om ulykker og alvorlege hendingar til Statens havarikommisjon med ein gong dei blir mottekne.

Hendingar skal som i dag berre bli rapporterte til Statens jernbanetilsyn.

Statens jernbanetilsyn foreslår derfor å forskriftsfeste kvar rapportane skal sendast inn, og dei ulike tidsfristane som gjeld for rapportering av ulykke, alvorleg hending og hending.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

5.1 Varslingsplikta

For verksemdene medfører endringa at dei må varsle ulykker og alvorlege hendingar til Statens havarikommisjon. Dette vil i seg sjølv ikkje medføre særlege konsekvensar for verksemdene, utover at dei må oppdatere rutinane sine for varslings. For resten av konsekvensane av at Statens havarikommisjon blir undersøkingsmyndigheit og dei undersøkingane dei skal gjennomføre, viser vil til Prop. 74 L (2022-2023), som beskrive innleiingsvis.

For Statens jernbanetilsyn medfører endringane at vi vil få varsel om ulykker og alvorlege hendingar direkte frå Statens havarikommisjon i staden for frå verksemdene.

5.2 Rapporteringsplikta

Rapporteringa skal framleis gjerast på skjemaet på Statens jernbanetilsyn sine nettsider. Statens jernbanetilsyn vil vidareformidle rapportane om ulykker og alvorlege hendingar til Statens havarikommisjon. Dette er same system som blir brukt på jernbaneområdet, og er derfor eit allereie etablert system for Statens jernbanetilsyn og Statens havarikommisjon.

Det vil dermed ikkje ha konsekvensar for verksemdene at rapportering av ulykker og alvorlege hendingar skal gjerast til to ulike instansar. Vi gjer for ordens skyld merksam på at Statens havarikommisjon, på lik linje med Statens jernbanetilsyn, vil ha teieplikt om opplysningar som blir rapporterte. Dette står også beskrive i dokumenta frå Samferdselsdepartementet.

6 Forslag til forskriftstekst

I forskrift 21. desember 2022 nr. 2431 om fornøyelsesinnretninger (tivoliforskriften) gjøres følgende endringer:

§ 2-6 skal lyde:

§ 2-6 Varsling til politiet og Statens havarikommisjon

§ 2-6 Varsling til politiet og Statens havarikommisjon

Når det skjer en ulykke med ikke ubetydelig personskade, skal virksomheten straks varsle politiet.

Når det skjer en ulykke eller alvorlig hendelse, skal virksomheten straks varsle Statens havarikommisjon.

Varsling skal skje muntlig.

§ 2-7 skal lyde:

§ 2-7 Rapportering til Statens jernbanetilsyn og Statens havarikommisjon

§ 2-7 Rapportering til Statens jernbanetilsyn og Statens havarikommisjon

Virksomheten skal sende en felles rapport til Statens jernbanetilsyn og Statens havarikommisjon ved ulykker og alvorlige hendelser. Rapporten skal sendes så snart som mulig og senest innen 72 timer.

Virksomheten skal sende en rapport til Statens jernbanetilsyn ved hendelser. Rapporten skal sendes innen 8 dager.

Rapportene sendes inn via skjemaet «Rapportere ulykke, alvorlig hendelse og hendelse» på www.sjt.no.

||

Forskriften trer i kraft 1. januar 2024.